

ÅRSMELDING 2023

FJOTLAND SOKN



Innholdsfortegnelse:

- A. INNLEDNING v/leiar**
- B. MENIGHETENS FRIVILLIGE OG ANSATTE**
- C. DE ULIKE ARBEIDSGREINENE**
- D. TRUSOPPLÆRING**
- E. UNGDOM/VOKSENARBEID**
- F. DIAKONI/MISJON**
- G. KYRKJEMUSIKK**
- H. ØKONOMI**
- I. INFORMASJONSARBEID**



A. Årsmelding for Fjotland Sokneråd 2023

2023 har vore eit år der mange pilar peikar riktig retning. Det har vore ei auke i både dåp, konfirmasjon og vigslar. Nytt sokneråd og nye tilsette.

Me vil starte med å trekke fram tala for konfirmasjon og dåp. I 2023 hadde me 11 konfirmanter der 2 konfirmerte seg på Netland og 9 i Fjotland. Dette var 100% oppslutning av kullet. Sett i saman med at det var 12 dåpsbarn, seiar dette noko om korleis me når ut som kyrkjelyd. At så mange velgar at kyrkja skal få ha ein plass i deira liv. Dette syns me alle som tilhøyre soknet av både tilsette, frivillige, tillitsvalgte og kyrkjemedlemmar, kan vere stolte av. Og me håper at me alle kan ta det me oss som ein oppmuntring og ein motivasjon til å snakke opp kyrkja vår og gudstenestene våre.

Det var kyrkjevalg 11. september og nytt sokneråd blei valgt. Nytt ved dette valgt var at det kun skulle vere 4 faste medlemmar i soknerådet i staden for 6. Frå det tideligare råde sitt forsatt Sissel Eftestøl Harbakk og Espen Rogstad. Me vil takka Siv Anita Narvestad, Lovise Jeanette Versland Egeland og Heidi Lindefjell for deira bidrag i soknerådet. Marit Homme går av etter 14 år som leiar av soknerådet, me sett svært stor pris på arbeidet du har gjort og gjer. Birgitte Kvinlaug som gjer seg etter 2. perioder i soknerådet vil me også takke. Me er og svært takksame for at dei blir med som 2. og 3. vara til det nye soknerådet. Dei nye inn i soknerådet er Ingun Irlen Stakkeland, Tom Ove Mygland og Tor Birger Bergeslien. Me vil oppfordre alle til å ta oss me i forbønn.

Tom John Versland slutta som kyrkjetjener i løp av året, me vil takke for hans bidrag og er svært glade for å ha han som konsulent på kyrkjekontoret der at bistår soknerådet og kyrkjelyden på ein svært god måte. Me er og takksame for å ha fått Viktor Shcherbakov som ny kyrkjetjener og at Inna Nazarenko har blitt ansatt til organist og skal bistå i alle kyrkjelydane i Kvinesdal.

Dåpsenglane blei introdusert i 2022 og har blit eit fint element i kyrkjerommet som er med og minner oss på dåpsborna vår. Me hadde også den fyrste utdelinga var dåpsenglane i 2023 der foreldra og borna kom for å ta med heim sin engel. Konfirmantane fekk og sin eige hjarte som var hengane under den eine preikestolen for å minna oss om å ta med oss dei i forbønn. Desse var igjen utdelt under konfirmasjonen der bibelverset deira stod på hjarte. Dette er begge finne tradisjoner som me er stolte av og som tru er viktig både for dei som er på hjarta og dåpsenglane og for oss som kyrkjelyd.

Av arrangement som har vore i løp av året vil me trekke fram er konserten til Sverre Eftestøl i Netlandsnes kapell, der blant anna Wenche Hundsbedt Svinland, Lisa Biktjørn Haugeland og Herman Gautefall deltok. Og konserten til Kvinlog jentene 22. desember som begge hadde fullt hus.

Av aktiviter som skjer utanom gudstenesta vil me trekke fram kveldsbøn som blir leia av Per Øisten Rogstad. Supersøndag som gudstenesteutvalget har dratt igong, med middagsservering etter nokre gudstenester. Andakten på Fjotlandsheimen som blir halde kvar veke utanom sommerferien er ein viktig del av kyrkjelyden sitt arbeid og har svært høg tilslutning. For mange er dette eit viktig høgdepunkt då ein sjølv ikkje har mulighet til å reise på gudsteneste eller møte sjølv. Og mange kjenner på eit behov for å kom nærmare trua og Gud når livet går mot slutten. Dette er eit viktig oppdrag for oss som kyrkjelyd.

Me vil til slutt takke for alt det flotte arbeidet i kyrkjelyden vår og til alle som bidreg.

For Fjotland Sokneråd
Esen Rogstad

B. FRIVILLIGE OG ANSATTE MEDARBEIDARE

SOKNERÅDET

Marit Homme leder, Espen Rogstad, Birgitte Kvinlaug, Lovise Jeanette Versland Egeland, Sissel Eftestøl Harbakk Siv Anita Kvinlaug Narvestad, Heidi Lindefjell, og Dag Kvarstein.

NYTT SOKNERÅD FRÅ 1.11.2023.

Espen Rogstad leder, Ingun Irlen Stakkeland, Sissel Eftestøl Harbakk, Tom Ove Mygland

Vara: 1. Tor Birger Bergeslien, 2. Marit Homme, 3. Birgitte Kvinlaug

GUDSTJENESTEUTVAL

Judith Kvelland Rogstad, May Britt Helle, Heidi Lindefjell, Lovise Versland, Dag Kvarstein

SOKNERÅDETS REPRESENTANTAR I FELLESRÅDET:

Marit Homme, Birgitte Kvinlaug vara: Siv Anita Kvinlaug Narvestad, Sissel Eftestøl Harbakk

Frå 1.11.23. Tom Ove Mygland, Tor Birger Bergeslien. Vara.: 1. Sissel E. Harbakk, 2. Marit Homme.

KYRKJELYDENS KONTAKTPERSON FOR KIRKENS NØDHJELP

Marit Homme

FRIVILLIGE KLOKKARE:

Odd Stakkeland, Espen Rogstad, Per Øistein Rogstad og Marit Homme.

MENIGHETSBLADET TREKLING

Per Øistein Rogstad (redaktør) Torhild Meland, Åse P. Skiftun og Dag Kvarstein

ANSATTE KIRKEKONTORET:

Sokneprest i Kvinesdal: Gunn Hanne Elvebakk

Sokneprest i Feda og Fjotland: Dag Arnulf Kvarstein

Diakonimedarbeider: Frank Arne Hammerø

Trosopplærer: Cathrine Rafoss Agedal

Organist: Ilze Junzeme sluttet i løpet av året og Inna Nazarenko ble ny organist.

Kirkeverge: Per Øistein Rogstad

Konsulent: Tom John Versland

Konsulent: Sylvi Vatland

Kirkegårdsarbeidere: Djoerd Van Kammen, Tor Henning Vatland,

Tobias Ueland Håland og Daniel Gundersen

Kyrkjeterar i Fjotland: Tom John Versland sluttet i løpet av året og Viktor Shcherbakov ny kirketjener.

Kyrkjeterar/kyrkjevert i Netlandsnes/Knaben: Tom Arnold Lindefjell, Tor Alsvik, Jenny Alsvik, Olaug Eftestøl har vore frivillige hjelparar

C. DE ULIKE ARBEIDSGREINER

GUDSTENESTENE

År	2019	2020	2021	2022	2023
Antal gudstenester	34	30	29	33	37
Gj.snitt gudstenestebesøk	61	40	37	50	55
Gj.snitt nattverdsgjestar	31	29	27	27	23
Samla offergåver	100791	103832	70725	90857	97071
Dåp	5	8	6	7	12
Konfirmerte	6	8	9	6	11

Vigslar	3	0	1	3	4
Gravferd	11	2	11	6	6

GUDSTENESTENE

Gudstenesta er kyrkjelydens hovudsamling. Det er difor stadig vårt mål å få fleire med på gudstenestene. Like viktig er involvering og medverknad av frivillige i gudstenestene. Dette skapar over tid ei tilhørigheit til kyrkja og kyrkjelyden. Mellom anna har me hatt fokus på involvering av barn og unge i gudstenestene og det har vore tilbod om sundagsskole på ein del 11-gudstenestene – når det ikkje er familiegudsteneste. Det er gledeleg at det kjem folk i alle aldrar til gudstenestene i Fjotland. Det lovar godt framover også!

Me hadde gode erfaringar med å satsa ekstra på ein familiegudsteneste i året som gjekk under namnet «supersyndag», med middag etter gudstenesten. Oppmøte her var godt.

Ser ein på deltakinga ved gudstenester dei siste fem åra, var det naturleg nok ein sterk nedgang gjennom pandemiåra 2020-2021 og litt utover i 2022. Eit gjennomsnitt på 55 deltakarar i 2023 er ein nedgang samanlikna med 2019, (61 stk.). Vi har tru på at oppslutninga vil holde seg same nivå i år 2024 som for inneverande år.

GUDSTENESTEUTVAL

Gudstenesteutvalet har hatt 3 møter, og behandla 10 saker

SOKNERÅDSMØTER.

Fjotland sokneråd har hatt 6 møter og behandla 26 saker.

D.TRUSOPPLÆRING/UNDERVISNING

SKULE/BARNEHAGE GUDSTENESTER

Det var påskevandring med besøk av 1. og 2. klasse i kyrkja.

Det var og halde bibelkurs for 5. kl på skulen.

Før jul var det skulegudsteneste i Fjotland kyrkje.

FAMILIEGUDSTENESTER

Det har vore familiegudstenester i Fjotland kyrkje med utdeling til 3, 4 og 6 åringar dette året. Det har vore noe variert oppmøte på desse utdelingane dette året.

JULEVANDRING

Kyrkjelydane i Kvinesdal inviterer alle barnehagane i kommunen til å delta på julevandring. Julevandringa er i kyrkjerommet. Det er eit slags skodespel, der ingen er tilskodarar, alle har roller. Vi vandrar saman med Keisar Augustus og dei tre vise menn. Etter kvart kjem englar og hyrdar med i vandringa – og rett før Betlehem møter vi Maria og Josef. Det er barna som har dei fleste rollene – og alle får fine kostymer på. Barna lærer om julas budskap gjennom oppleving og aktiv deltaking.

Fjotland barnehage var med på julevandring.

BABYSANG

Babysong er eit breiddetiltak for Feda/Kvinesdal/Fjotland.

Babysong er på menighetssenteret i Kvinesdal. Opplegget er enkelt der vi har ei lita sangstund først og etterpå et vi lunsj saman. Det er kvar tysdag kl. 11.00. I løpet av året er det innom ca. 40 babyar med mødre/fedre.

Nokre frå Fjotland kyrkjelyd har vore med på babysong.

LYS VAKEN

Det blei ikkje arrangert lysvaken dette året, det fordi det var ingen påmeldte.

TÅRNAGENTAR

Dette året var det tårnagenthelg i Fjotland. Dag Kvarstein og Cathrine Agedal var saman med tårnagenter frå 3. og 4. klasse. Laurdag utforska me kyrkja, planla gudsteneste, og åt taco. Sundag feira me familiegudsteneste saman. Tårnagenthelg blir arrangert anna kvart år.

KONFIRMANTARBEID -Konfirmantkullet 2022-2023 i Fjotland

Konfirmantundervisninga følger tilnærma same opplegg i alle tre kyrkjelyder i Kvinesdal. Vi legg vekt på å formidle bibelforteljingar og gje konfirmantane høve til truspraksis gjennom avslutning i kyrka. Slik håpar vi at konfirmanttida skal bli starten på, eller fortsettinga av den enkelte ungdomen si trushistorie. Det at konfirmantane også deltek som medhjelparar (ministrantar) i gudstenestene, er også verdifullt for å oppnå dette målet. I tillegg er det eit mål i seg sjølv at dei får ein positiv relasjon til kyrkja.

Gjennom konfirmantåret er det også arrangert fleire felles samlingar for alle konfirmantane i Kvinesdal kommune. Dei har handla om kropp og seksualitet, om døden og det kristne håpet og om diakoni.

11 konfirmantar fullførte hausten 2023 si konfirmanttid i Fjotland. Oppstart var i november 2022. Oppmøtet på undervisninga i Kyrkjestova og fellessamlingane i Kvinesdal, var god gjennom heile året.

Samtalegudstjenesta blei gjennomført med dramatisering og god involvering av konfirmantane 22. mai, og med hyggeleg festsamver etterpå. Fjerde september var den store konfirmasjonsdagen med nesten full kyrkje, vel 140 deltakarar.

E. UNGDOM/VOKSENARBEID

KRIK

KRIK Kvinlog pleier å samles annenkvar fredag kl. 20.00 i gymsalen på Kvinlog. Kalender med planlagde samlingar finnes på www.kvinlogbedehus.no, og på facebooksidea. Samlingane er for ungdomsskolen og oppover og pleier å være mellom 10 og 20 stk. Vi har masse moro med oppfinnsame stafettar, konkurransar og ballspel. Eit avbrekk med andakt er også med. Etterpå er det pølser å få på bedehuset og litt sosialt for dei som vil det. Vi avsluttar med ein konkurranse «kveldens utfordring» som varierer i innhold og både til jul og vår kåres ein vinner gjennom året som gjekk.

F. DIAKONI OG MISJON

MISJONSPROSJEKT

Prosjektet STAR OF HOPE har Fjotland hatt som sitt misjonsprosjekt frå oktober 2020 Det ble samla inn kr 14.915 til det prosjektet år 2023. Misjonskontakt er Birgitte Kvinlaug.

Meir informasjon finnes på www.starofhope.no

VI ER EN STOR FAMILIE SOM SAMMEN GIR 30 000 BARN I 12 LAND EN GOD START I LIVET.



DIAKONI

Fjotland sokn har ikkje eige diakoniutval, men soknerådet fungerer som lokal utval.

Følgande diakonale tiltak er i verk i Fjotland kyrkjelyd:

- Det er kyrkjevertar og kyrjekaffi på dei fleste søndagsgudstenesta.
- Diakonen er medlem i komiteen for TV-aksjonen, og er ansvarleg for gjennomføring av KN-aksjonen. I 2023 ble det samla inn 14.276,- til Kirken Nødhjelp frå Fjotland.
- Diakonen i samarbeid med prestane og frivillige gjennomførte i 2023 7 heimebesøk i Fjotland sokn. Totalt 67 i heile kommunen.
- Beredskap for open kyrkje ved ulykker og tragiske dødsfall.
- Tro og Lys er ei økumenisk gruppe for menneske med psykisk utviklingshemming, og vennene og familien deira. Kvinesdal har felles gruppe med Flekkefjord og Sirdal. Det har vore 10 samlingar totalt i 2023. I 2023 feira me at Tro og Lys-gruppa vår fylte 20 år! Det vart ein rett festdag på Huset på Feda med stor marsipankake, Tore Thomassen song og spelte, og me fekk besøk av gruppene frå Lyngdal og Lillesand. I tillegg fekk me besøk av Eli Landro, som er leiar for Tro og Lys Noreg, og då fungerande biskop, Freddy Berg. Samlinga vart etterfølgt av gudsteneste i Feda kyrkje.
- Diakonen er med i rusbehandlingsprogrammet «12 trinn» i Lister.
- Flekkefjord og Kvinesdal Frivilligsentral i samarbeid med kommunane og diakonane i Kvinesdal og Flekkefjord starta i 2022 opp sorggrupper for innbyggjarar som har mista nokon. I 2023 har det vore to sorggrupper med seks samlingar i kvar gruppe.
- Det vart halde 41 andakter på Fjotlandsheimen i 2023.
- I 2021 la me minnegudsteneste til allehelgensdag, slik skikken er mange andre stader i landet. I 2023 hadde me 30 deltakarar på denne gudstenesta.
- Diakoniens dag ein søndag i februar eller mars med spesielt fokus på diakoni. I 2023 havna denne gudstenesta den 26. februar.

G. KYRKJEMUSIKK/KONSERTER

Forsangerkoret har delteke på nokre gudstenester.

Konsert i Netlandsnes kapell er òg blitt eit fast innslag som mange kjem for å vera med på år etter år, Me syng jula inn ble gjennomført med fleire lokale aktørar.

H. ØKONOMI

REGNSKAP

Disposisjonsfond Fjotland sokn	2023	2022	2021	2020
Disposisjonsfond 31.12	36.411	37.855	25.608	684
Søndagsskole	6.162	6.162	6.162	7.500
Overskot	13.963		12.247	24.924
Underskot		1.444		

Rekneskapen hadde eit overskot/mindreforbruk for soknerådet for 2023 på kr 13.963

Ofringar og gåver (tall for 2022 og 2021 i parentes)

Kyrkjeofringar til kyrkjelydsarbeidet	kr 19.470	(19.025, 27.428)
Kyrkjeofringar til andre	kr 77.601	(71.833, 43.247)

LIKESTILLING

Samansetninga av soknerådet er et resultat av kyrkjevalet i 2019 og nytt val 2023. I oppsett av valliste var det et mål å få ein kjønnsbalanse 50/50, noko som blei resultatet ved valet 2023. Det har ikkje vært begrensingar når det gjelder tilgang til egne aktivitetar, verv, styrande organer eller segregerande aktivitetar.

I. INFORMASJON

Nettside og sosiale medier

Treklang, nettsiden www.kvinesdal.kirken.no og aktivitet på sosiale medier, er menighetenes viktigste informasjonskanaler.

Alle menighetene har nå egne facebooksider. Antall følgere av de ulike sidene øker jevnt og trutt. Her er tallene for 01.01.2024 med tallene fra 01.01.2023 i parentes: Kvinesdal 894 (839), Fjotland 421 (417) og Feda 432 (416)). Menighetssenteret har egen side med 657 (595) følgere. Fjotland kyrkje, Kvinesdal menighet og Ungdomskirken har alle instagramkontoer.

Årsmelding for menighetsbladet Treklang 2023

Menighetsbladet TREKLANG, som er felles for menighetene i Kvinesdal, Feda og Fjotland, kom i 2023 som de foregående årene ut med fire nummer med hver 24 sider, men i nytt format. Treklang ønsker å formidle informasjon om det som skjer i menighetene og løfte fram positive ting fra vårt lokalmiljø. Gjennom Treklang har folk fortalt om sine liv og sin tro, eller valgt «min salme.» Redaksjonen setter pris på de innspill som kommer til stoff som ønskes i bladet. Bladet ble trykket i flerfarge-trykk hos Synkron Media i format 17x24. Det ble endret fra 21 x 21 cm fra tidligere år.

Redaksjonen har i 2023 har bestått av Åse Paulsen Skiftun, Torhild Meland, Dag A. Kvarstein og Per Øistein Rogstad.

I tillegg til redaksjonen inviteres personer i menighetene til å levere stoff til bladet.

Per Øistein Rogstad er redaktør og har ansvar for grafisk formgivning.

Regnskapet ble fra og med 2022 ført som en del av regnskapet til kirkelig fellesråd. Regnskapet 2023 (tall fra 2022 i parentes) viser et **overskudd på kr. 28.218 (9.304)**. Trykkekostnader har økt kraftig de siste årene i 2022 var de opp i kr 100.236 mot kr.74.980 i 2021, derfor endret vi format og trykkeri i 2023. Kostnaden ble dermed redusert til kr 59.132. Ved at vi ikke lenger sender bladet pakket i biofilm eller plast, men med innstiftet giro, har vi også redusert både trykke- og portokostnaden. Porto var kr 40.630 i 2023 mot kr. 42.664 i 2022.

Inntektene består av frivillige gaver til bladets drift kr. 73.350 (106.180). Den kraftige nedgangen i gaveinntekter skyldes nok i stor grad at giroen ikke lenger ligger løst ved bladet, men innstiftet i midten. Dette var vi forberedt på, men det er spennende å følge utviklingen i gaveinntekter framover. Vi trykte bladets vippsnummer på forsiden, for å kompensere noe for dette. Gaveinntektene er avgjørende for driften av bladet. Annonseinntektene var stabile i 2023 med kr. 45.200 (45.200).

Etter vedtak i styret deles overskuddet mellom Kvinesdal Menighetsråd (70%) Feda menighetsråd (15%) og Fjotland sokneråd (15%). Etter vedtak i Treklang sitt styre går overskuddet til å dekke menighetenes kostnader til diakonstillingen.

Det er gledelig å se at det grepet vi gjorde i 2023 med å endre format og dermed redusere trykke- og portokostnader, har gitt et større overskudd på bladet til beste for menighetene våre.

Bladet er viktig både som informasjonskanal om ting som skjer i menighetene og det som måtte røre seg i lokalsamfunnet. Tilbakemeldingene fra leserne tilsier at bladet blir lest grundig.

Vedtatt Fjotland sokneråd 07.02.24.